

Borgund, 8 sept 2026

Norges Vassdrags- og Energidirektorat
v/Magnus Elton Veflen

Dykkar saksnummer: 202209809

Ekstra Innspel frå Borgund elveeigarlag til «Revisjon av konsesjonsvilkår for Lærdalsvassdraget»

Me har følgande ekstra merknadar til konsesjonsrevideringa:

- 1) Konsesjonær, Østfold Energi, har sommaren 2026 sett ut lakse yngel i Borgunds elva utan grunneigars tillating, og utan at Borgund elveeigarlag har fått gje uttale i vedtaket om utsetting av yngel. Østfold Energi fekk skriftleg tilbakemelding om at dei ikkje fekk lov å nytte våre grunneigare sin grunn til utsetting (utan avtale), dette blei likevel gjort. Østfold Energi henviser til konsesjonsvilkår og Miljødirektoratet sitt pålegg. Borgund Elveigarlag er sterkt ueinig i at konsesjonær har rett til å setje ut yngel i Borgundselva utan samtykke frå grunneigarar.
- 2) Ved NVE si synfaring 26.08.26 vart det frå Østfold Energi framlagt oversikt over habitattiltak i Lærdalsvassdraget som kan auke fiskeproduksjon i elva. Rapporten frå NORCE syner at ved å opne fisketrapp Svartegjel aukar ein fiskeproduksjonen med 56 %. Dette er hovudsaklig fordi då kan Borgundselva brukast som gyteområde for villaks. Det betyr at Borgund sine grunneigarar, den øvre del av elva, står for det heilt klart viktigaste oppvekstområdet i vassdraget, medan grunneigarar i nedre del av elva har alt utbytte med laksen og tilhøyrande fiske på denne. Det er ikkje registrert laksefiske i Borgundselva, i noko tid, og medlemmane i Borgund elveeigarlag er svært skeptisk til om dette noko gong vil vera mogeleg slik elva er idag, og slik konsesjonær driftar fisketreppene idag. Borgund elveeigarlag står idag att som den store taparen i elva då utsetting av lakse yngel trugar den stadeigen brunaure sine leveområde i Borgundselva i tillegg til at alt arbeidet med opparbeiding av aurestamma i Borgundelva kan vera forgjeves.
- 3) Dersom det mot våre interesser blir opna laksetrapp Svartegjel så må samtlege trapper ha synleg teljeverk.
- 4) Dersom Borgundselva skal vera ein del av oppvekstområdet for laksen i Lærdalsvassdraget, skal Borgund og Lærdal ha eit felles elveeigarlag der inntekter og utgifter frå laksefiske er likt fordelt mellom grunneigarar etter antall meter elvestrekning. Dette er modellen Borgund elveeigarlag nyttar idag og gir ei rettferdig fordelig.

Helsing
Borgund Elveeigarlag SA